

Referat etter møte i Kviteseid sokneråd
onsdag 24. august kl. 18.00

Innkalte:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen, 1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn.
Sokneprest Rune Lia (vikar).

Kommunens representant Tore Åsland vart ikkje innkalla til dette møtet.
Mail kopi til revisor Mariann Todal.

Forfall:

Inger Lise Berge, Magnhild Kvalbein og Hanne Roholdt.

Opning ved sokneprest Rune Lia.

Enkel servering ved Vidar Syrtveit Mikalsen.
Kaffi frå kontoret.

Referent: Gunn Karin Eikås og kyrkjeverjen

Referat:

Sak 43/16 (SR)	Innkalling og saksliste	HB
	<i>Forslag til vedtak:</i> Innkallinga og sakslista vart godkjend . VEDTAK: Innkallinga og sakslista vart godkjend	
Sak 44/16 (SR)	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 01.06.2016	HB
	<i>Referatet er lagt ved denne innkallinga for ordens skuld</i> <i>Forslag til vedtak:</i> Referatet frå soknerådsmøtet 01.06.2016 sendt ut på mail 10.06, vart godkjend. VEDTAK: Referatet frå soknerådsmøtet 01.06.2016 sendt ut på mail 10.06., vart godkjend.	

Sak 45/16 (SR)	Post og meldingar	HB
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kulturdepartementet har løyva kr 20.000 til ikon-maleria i Vrådal. 2. Sumarens kyrkjelege aktivitet, litt endringar frå planlagd 3. Status ny prestestilling 4. Rekneskapsrapport 2. kvartal, orientering (vert ettersend, då føringa i kommunen er forsinka grunna ferie-avvikling) 5. Sundagsskulen treng ein eller fleire nye leiarar og hovudleiar. 6. Fokus skuleåret 2016-17 på ungdomsarbeidet (folder frå bispedømmet) 7. Kristus-figur til Kv.Gamle kyrkje: Søknadar sendt om å få <ol style="list-style-type: none"> a. originalen frå 1200-talet tilbake (+ eit røykjelseskar) b. lån for å få lage ein kopi (ved Åsmund Kleiv, 93 år) 8. Elektronisk inn- og utmelding av Den Norske Kyrkje vart open for publikum 15. august. https://kirken.no/medlem. Nettsida kirken.no har elles mykje god informasjon for alle. 9. Vegen til kyrkja og kyrkjegarden i Fjågesund; bruk og vedlikehald. 10. Saker frå staben / stabsmøte. <p>Forslag til vedtak: Orienteringane vart tekne til vitande.</p> <p>VEDTAK: Orienteringane vart tekne til vitande</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kulturdepartementet har løyva kr 20.000 til ikon-maleria i Vrådal. <i>Bruk av pengene må meldast tilbake innan mars 2017.</i> 2. Sumarens kyrkjelege aktivitet, litt endringar frå planlagd. Nokon endringar: mellom anna: <i>Messe på Sud-Kilen gard vart erstatta med messe i Gamle-kyrkja i Kviteseid same tid.</i> 3. Status ny prestestilling. <i>Ingen ny utlysing førebels. Prosten jobber aktivt med å leite etter kandidatar. Ny utlysing vert vurdert på eit møte seinare i haust.</i> 4. Rekneskapsrapport 2. kvartal, orientering (vert ettersend, då føringa i kommunen er forsinka grunna ferie-avvikling) <i>Rekneskapsfører i kommunen fekk den ikkje ferdig til møte. Leggast ved referatet her utan kommentarar.</i> 5. Sundagsskulen treng ein eller fleire nye leiarar og hovudleiar. 6. Fokus skuleåret 2016-17 på ungdomsarbeidet (folder frå bispedømmet) 7. Kristus-figur til Kv.Gamle kyrkje: Søknadar sendt om å få <ol style="list-style-type: none"> a. originalen frå 1200-talet tilbake (+ eit røykjelseskar) b. lån for å få lage ein kopi (ved Åsmund Kleiv, 93 år) 	<p>KS KS</p> <p>KS HB KS</p> <p>HB</p> <p>HB</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>KS</p>

	<p>8. Elektronisk inn- og utmelding av Den Norske Kyrkje vart open for publikum 15. august. https://kirken.no/medlem. Nettsida kirken.no har elles mykje god informasjon for alle.</p> <p>9. Vegen til kyrkja og kyrkjegarden i Fjågesund; bruk og vedlikehald. <i>Det fins ein gamal avtale om korleis arbeidet skal gjerast og delast økonomisk. Denne må finnast.</i></p> <p>10. Saker frå staben / stabsmøte. <i>Ingenting spesielle saker.</i></p>	
Sak 46/16 (SR)	Oppsummering kyrkjejubilea og bok-prosjektet	HB / KS
	<p>Oppsummering frå jubileums-komiteen for 100-års feiring av Kviteseid og Fjågesund kyrkjer, og prosjektet med jubileumsbok.</p> <p>Rekneskap for jubileet og boka: I praksis har kyrkja sjølv betala kr 70.000 + meirforbruket på 11.000. Sal av bøker og inntekt sponsor er det som har svikta mest. Godt med inngangspengar på konsert, og godt å sleppe større uforutsette kostnader.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Regnskapsrapport pr 10.08.2016 (levert av Jørgen Moen)</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet takkar alle i komiteen for godt arbeid med førebuingar og gjennomføring av arrangementa. Soknerådet takkar også redaktørane Olav Mosdøl og Gunnar Ruud for alt arbeid med boka.</p> <p>Handsaming i møtet: <i>Mosdøl og Ruud er takka ved tidlegare høve med blommar og honorar.</i></p> <p>VEDTAK: Soknerådet takkar alle i komiteen for godt arbeid med førebuingar og gjennomføring av arrangementa. Soknerådet takkar også redaktørane Olav Mosdøl og Gunnar Ruud for alt arbeid med boka.</p>	
Sak 47/16 (SR)	Trusopplæringsplanen	HB / KS
	<p>Forslag til trusopplæringsplanen vart sendt ut til alle rådsmedlemmane før sommarferien i trå med vedtaket i sak 39/16. Vi reknar med at alle har lese gjennom den. Send gjerne eventuelle kommentarar til Salmelid straks du les dette, så kan dei samlast og leverast ut før drøfting på møtet. Vi tek sikte på å godkjenne trusopplæringsplanen og få sendt den vidare til bispedøme for godkjenning der. Så skal den brukast og vera ein levande plan for oss.</p> <p><i>Planen er lagt ved innkallinga for ordens skuld</i></p> <p>Forslag til vedtak:</p>	

	<p>Trusopplæringsplanen for Den Norske Kyrka i Kviteseid sokn, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: Trusopplæringsplanen for Den Norske Kyrkja i Kviteseid sokn, vart godkjend. Soknerådet vart enige om å sende den til bispedømmerådet for godkjenning slik den ligg føre.</p>	
Sak 48/16 (SR)	Trusopplæringsutvalet	HB
	<p>Ref. sak 39/16 <i>Soknerådet finn i sommar kandidatar for å styrkje trusopplæringsutvalet med tre nye kandidatar frå dagens tre.</i></p> <p>Ta med namn til møtet på kandidatar, eller send på mail til kyrkjekontoret, -forslag på nye namn eller allereie spurde og viljuge personar. Vi skal auke talet på medlemmar frå tre vi har i dag, til seks. Dei tre vi har er Vidar Syrtveit Mikalsen, Eli Rognsvåg og Gunnar Salmelid.</p> <p>Har ikkje lykkas å finne tre nye kandidatar til utvalet, men er fleire som har sagt seg villige til å vere med på enkeltvise arrangement.</p> <p>Handsaming i møtet: <i>Fleire har blitt utfordra til oppgåva, men ingen positive svar til møtet. Nokre spurde har sagt at dei kan vera med på enkelt-tiltak.</i></p> <p>VEDTAK: Trusopplæringsutvalet og soknepresten lagar ei liste over dei som har svart ja til å vere med på enkeltvise arrangement. Fungerande sokneprest Rune Lia ynskjer å verte innkalla, er gjerne med på møta i trusopplæringsutvalet.</p>	
Sak 49/16 (SR)	Barne- og ungdomsarbeiar-stilling med midlar frå trusopplæring og fast gjevarteneste?	HB/KS /RL
	<p>Ref. sak 24/16, pkt. 5: <i>Frivillig gjevarteneste? Til dømes for å løne ein 1.åring, ungdomsprest el.l. Dette er ein av tinga vikarprest Rune Lia vil jobbe/bidra med mens han er her. Vi ynskjer dette.</i></p> <p>Nå som vi berre har ein prestestilling igjen, må soknerådet tenke gjennom om det ynskjer å styrkje arbeidet blant born og ungdom. Skal ein få til eit slikt arbeid, må det baserast på tilgjengelege midlar.</p> <p>Frå august 2017 har vi midlar frå staten til trusopplæring til eiga bruk. Frå 2015 til halve 2017 har det gått og går til koordinator for trusopplæringsplanen i Vest-Telemark og til lokalt trusopplæringsarbeid.</p> <p>Saman med eigne midlar har vi for framtida om lag kr 100.000/år til lønns- og driftsmidlar. (Til den dela 50% prosjektleiarstillinga vi har i dag, går det med ca kr 400.000 til løn, sosiale utgifter og drift. Det vil seie at vi med kr 100.000 berre har midlar til 12-15% stilling.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva ynskjer vi / soknerådet? (Kor stor stilling? Ettåring eller eldre folk i fast forutsigbar stilling?) 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kan vi nå desse måla? (Andre tilskot, fast gjevarteneste?) • Kva kan vi få til i løpet av dei neste 12 månader? <p>Rune lia har jobba med slike utfordringar tidlegare, og vil hjelpe oss til å tenke omkring dette. Eit skriv frå han ettersendast på mail før møtet.</p> <p><i>Vedlegg: Skriv frå Rune Lia (ettersendast)</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet ynskjer å gjera dette til ein prioritera sak vidare med tanke på å få midlar nok til ein om lag 50% stor stilling for borne- og ungdomsarbeidar. Soknerådet ynskjer eit samarbeid med andre som til dømes Nor misjon/Misjonshuset, Kvitsund Gymnas, Seljord fellelsråd eller Betel/Fredheim for å få til ein større stilling.</p> <p>Handsaming i møtet: <i>Rune Lia hadde med til møtet eit skriv om korleis dette kan handsamast vidare. Saka blei drøfta vidt. Forslaget til vedtak, som med utfylling under møtet, vart samrøystes vedteke:</i></p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Soknerådet ynskjer å undersøke om det er mogleg å opprette ei full fast kyrkjeleg stilling i Kviteseid, særleg retta inn mot arbeid blant barn og unge. • Soknerådet ber desse om å gå inn i ei arbeidsgruppe for å arbeide vidare med planane. Rune Lia vert leiar frå begynnelsen. Vidar Syrtveit Mikalsen sa seg villig til å vere med. Desse vert spurde: Astrid Tveten, Astrid Breivik og Hadle Hovda av Håkon Birkeland, Sigrid Strondi av Reidun Fisketjønn, Birgitte Danielsen Nødland og Liv Solveig Liodden Sørbø av Hans Kristian Aabø. Fyrste møte vert 13/9 2016 kl.19.00. • Soknerådet vil seinare innkalle til eit kyrkjelydsmøte for å informere om planane. • Soknerådet vil etter det ta endeleg stilling til om ein ynskjer å arbeide for å opprette ei ny stilling, og i så fall kva slags stilling. 	
Sak 50/16 (SR):	Aktuelle saker frå soknepresten	
	<p>Sokneprestens orienterte om nokre av arbeidsoppgåvene han er engasjert i, i tillegg til messer og andre kyrkjelege handlingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Redaktør kyrkjebladet. Det arbeides med neste blad. Endå eit til kjem før jul. • Arbeider med «Brand» forestillinga, skuespillerane er positive til ein temakveld/samtale i etterkant. Temakveld veka etter med Arne Austad. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide med sak 49/16. • Møte med kyrkjelydsutvala i sept./okt. • Invitert til Kvitsund andakter dagtid for alle elevane og tilsette • Heimebesøk. • Menighetstur til sommaren? Oppleve «spelet om Olav den Heilage» på Stiklestad i slutten av juli.4-5 dagar. Soknerådet var positive til dette, Rune Lia arbeider vidare med turen. • Ein sundag i månaden vert det ikkje gudstenester, pga fri-sundag/helg for prest og organist. • 20/11, gudsteneste i Kviteseid går ut. • 18/12, gudsteneste i Kilen, leige vikar. <p>VEDTAK: tek orienteringane til vitande.</p>	
Sak 51/16 (SR):	Jolebasar 26.november 2016.	
	<p>Ynskjer soknerådet å halda fram med den tradisjonen, så må rådet setje ned ein komité som startar arbeidet snarast mogleg. Det er budsjettet med kr 25.000 i overskot frå basaren i 2016, etter inntekt på kr 50.000.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet ynskjer å halda fram med julebasaren og spør Inger Lise Berge om å etablere ein komité for basaren. Innspel på namn er gjeve i møte. Inger Lise Berge sa nei til å vere med/etablere ein komité til basaren.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet ynskjer å halda fram med julebasaren og Hans Kristian Aabø sa seg villig til å vere med i komiteen for basaren. Han tek også kontakt med Kirsti Skjæveland som har vore primus motor i fleire år. Reidun Fisketjønn tilbyr praktisk hjelp. Håkon Birkeland, Kristen Salmelid kan vere med å hjelpe på basardagen.</p>	
Sak 52/16 (SR):	Møteplan soknerådet 2016/2017	
	<p><u>Soknerådsmøta hausten 2016:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Onsdag 28. september (SR/FR) • (Diakoniplan-kurs v/Eilev Erikstein: 20. okt. 18-21 i Brunkeberg kyrkjestoge) • Onsdag 9. november (SR) • Onsdag 14. desember (SR/FR) Budsjettsak om kommunens er klart <p><u>Våren 2017:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 11. januar (Ev. budsjettsak) • 15. februar • 29. mars 	

	<ul style="list-style-type: none"> • 3. mai • 7. juni (revidert budsjett) • <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek den foreslegne møtefrekvens og plan.</p> <p>VEDTAK: Haustens foreslegne møter vart vedtekne, avgjer vårmøta seinare.</p>	
Sak 53/16 (SR):	Eventuelt.	
	<ul style="list-style-type: none"> • 25/9 – felles sangmøte på Sundvang kl.17.00 • 20/10 – diakoniplan møte med Eilev Erikstein, Brunkeberg Kyrkjestoge kl.18.00-21.00. • 23/10 – konsert med Jon, Svend og Veslemøy Solberg, Jan Haugen. Kviteseid kyrkje. • 8/11-13/11- møteveke på Kvitsund i samarbeid med Misjonshuset/Normisjon. • 28/11 – «Ekte jul» jolekonsert med Emil Solli Tangen, Jan Birger Akkerhaugen og Knut Olav Sandvik. Kviteseid kyrkje. • 11/12 – adventskonsert, Kviteseid Kyrkje. • Februar 2017 fellesmøter, Egil Svartdal. 	